

MØTEBOK - TITTELARK

FELLESRÅDSSAKER

Førehaving av:
Austrheim sokneråd

Møtestad:
Kyrkjelydshuset

Møtedato:
21.03.2019

Tilstades på møtet:

Medlemmer: Bjørn Helge Olsen, Britt Ystebø, Svein Tomas Villanger, Arne Lerøy, Helge Dyrkolbotn, Harald Sundsbø.

Varamedlemmer: Einar Austrheim

Andre: Kommunal representant : Anne Dahle Austrheim
Kyrkjeverje: Leif Arne Økland

Desse hadde meldt forfall: Anny Bertelsen, Kine Lerøy, Inger Synnevåg, Jusu Gyflan (har meldt flytting og går dermed ut av soknerådet), Anita Bakke

Desse møtte ikkje: Sylvelin Fønnes.

Saker til førehaving:
F – 05/19 – F – 10/19

Til møtet var medlemmer skriftleg innkalla.

Underskrift:

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

F – 05/19 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Framlegg til vedtak:

Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader.

Vedtak:

Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader.

F – 06/19 FRAMLEGG TIL UNDERSKRIFT AV DAGENS MØTEBOK

Vedtak:

Svein Tomas Villanger og Einar Austrheim.

F – 07/19 GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ 31.01.2019:

Framlegg til vedtak:

Møteboka frå 31.01.2019 vart godkjent utan merknader.

Vedtak:

Møteboka frå 31.01.2019 vart godkjent utan merknader.

F – 08/19 ORIENTERINGSSAKER:

- Det vart opplyst at Husmorlaget har gitt gåve til blomar på altaret med kr 650 og at Årås søndagsskule har gitt kr 1000 til Lys Vaken arrangementet i kyrkja.
- Kyrkjeverja orienterte om at budsjettet for 2019 er justert, slik at at det har blitt eit ytterlegare trekk i driftsmidlane for 2019. Kommunen sitt driftstilskot vert redusert frå 3.370 000 til 3 170 000. Framleis står det kr 800.000 på investeringsbudsjettet, som før.
- Helge Dyrkolbotn orienterte om tilbakemeldingane på Strilen sitt oppslag om planane om nytt kyrkjelydsbygg.

F – 09/19 GODKJENNING AV REKNESKAPEN FOR 2018

Framlegg til vedtak:

Med atterhald om revisor si endelege godkjenning vert rekneskapen for Austrheim sokn for 2018 godkjent. Mindreforbruk på drifta på kr 471.117,76 vert overført ubunde driftsfond. Mindreforbruk på investering kr 26.111, vert overført ubunde driftsfond.

Vedtak:

Med atterhald om revisor si endelege godkjenning vert rekneskapen for Austrheim sokn for 2018 godkjent. Mindreforbruk på drifta på kr 471.117,76 vert overført ubunde driftsfond. Mindreforbruk på investering kr 34.859, vert overført ubunde driftsfond.

Bakgrunn:

Mindreforbruket eller overskotet på drifta av Austrheim sokn i 2018 er blitt betydeleg større enn forventa. På investeringsida har ein i soknet hatt eit marginalt mindreforbruk. Kommuneadministrasjonen har velt å vera fleksibel med bruken av si arbeidskraft for å få gjennomført arbeidet med grøfteprosjektet på Austrheim gravplass og har på den måten brukt av sine timeressursar til soknet sin fordel. Det forklarar kvifor vi har eit mindreforbruk også på investeringsbudsjettet.

Det er fleire årsaker til at vi kjem på plussida i driftsbudsjettet for 2018. Ei viktig forklaring handlar om at det er brukt forholdsvis lite på vedlikehald og materialinnkjøp, både på budsjettet for kyrkja og gravplassane i forhold til 2017. Det vart vidare lagt inn ein ekstra buffer i budsjettet for 2018 til innkjøp av ny rider. Denne vart det likevel rom for på investeringsbudsjettet. Vidare har vi fleire inntektspostar med meir inntekter enn berekna. Dette er blant anna meir i momskompensasjon (ca 46.000 kr), meir i festeavgifter (ca 14.000 kr), gåver utanom gjevartensta (60.000 kr), annan brukarbetaling (ca 39.000). Gåver til gjevartenesta vert sett av på eit bunde fond, difor vil ikkje summen samla inn her påvirka resultatet verken den eine eller den andre vegen.

Kyrkjeverja tok kontakt med økonomisjefen i kommunen i mars 2019. Der er vi blitt samde om eit ytterlegare nedtrekk på drifta for 2019 med 200.000 kroner. Slik resultatet vart i 2018 syner det seg at budsjettet for 2018 kunne vore strammare. Sidan soknet no kan setja av ein forholdsvis stor sum til ubunde fond har kyrkjeverja oppfatta det som rimeleg å foreslå denne ytterlegare reduksjonen i drifta på budsjettet for 2019. Eit eventuelt underskot eller meirforbruk for 2019 kan då trekkjast frå ubunde driftsfond.

Korrigeringsnotis: Det er i framlegg til vedtak ført opp feil beløp i mindreforbruket for investering. Det rette beløpet skal vera kr 34.859 og ikkje kr 26.111.

F – 10/19 KOMPENSASJON FOR KREMASJONSAVGIFT

Framlegg til vedtak:

Austrheim sokneråd rår til at kyrkjeleg fellesråd, dekker utgifter til kremasjon, urne og utsending av urne, for etterlatne som vel gravlegging i form av urnenedsetjing.

Soknerådet tilrår at det vert etablert ei refusjonsordning der etterlatne får tilbakebetalt kremasjonsavgift, urnekostnad og utsendingskostnad fortløpande. Ordninga gjeld ikkje for etterlatne som vel kremering med etterfølgjande askespreiing.

Vedtak:

Austrheim sokneråd rår til at kyrkjeleg fellesråd, dekker utgifter til kremasjon og urne for etterlatne som vel gravlegging i form av urnenedsetjing.

Soknerådet tilrår at det vert etablert ei refusjonsordning der etterlatne får tilbakebetalt kremasjonsavgift og urnekostnad fortløpande.

Ordninga gjeld ikkje for etterlatne som vel kremering med etterfølgjande askespreiing.

Bakgrunn:

Austrheim har årleg om lag 4 – 5 bisetjingar med påfølgjande kremering og urnenedsetjing. I 2018 hadde ein 27 gravferder i kommunen. Urnegravleggingane utgjorde i 2018 om lag 17% av alle gravleggingane.

I F-sak 24/18 vedtok soknerådet endringar i festeavgiftene. I denne saka gjekk ein aktivt inn for å premiera dei som vel bisetjing og urnegravlegging, der festeavgift for urnegraver skal vera 50% av avgiftene for ei kistegrav.

Samstundes er gjeldande praksis at etterlatne må betala kremasjonsavgift, kostnad for urne og forsending av urne, når dei ønskjer ei bisetjing. Det er gravferdsbyråa som legg denne kostnaden inn i si samlerekning til dei pårørande. Etterlatne må altså betala ekstra når ein vel bisetjing, framfor vanleg kistegravlegging.

Avgifter til krematoriet i Bergen utgjer i 2019 følgjande kostnader:

• Kremasjonsavgift	kr 4.478,-
• Urne	kr 739,-
• Utending av urne	kr 897,-
Samla kostnad	<u>kr 6.114,-</u>

Kyrkjeverja har undersøkt litt med andre fellestråd rundt om i landet for å høyra om praksis i forhold til dette med refusjon av kremasjonsavgifter. Mitt inntrykk er at dette vert meir og meir vanleg. Til dømes har Tingvoll kommune på Nordmøre hatt ordninga i 18 år. Kyrkjeverja der seier at dei no har komen opp i ein kremasjonsprosent på 50% medan omkringliggjande kommunar har ein kremasjonsprosent på ca 10%. Noko tilsvarende svarar kyrkjeverja i Stjørdal, som seier at «veksten i kremasjoner er merkbar.» I Stjørdal betalar dei kremasjonsavgifta fortløpande til pårørande og sender ein gong i året eit samla refusjonskrav til kommunen. På Voss har dei hatt ei slik ordning nokre år, men kyrkjeverja der seier dei ikkje har merka spesielle endringar. I Askvoll har dei også hatt ordninga nokre år, men kyrkjeverja der sier at dei ikkje har opplevd nokon skilnad. Han presiserer likevel at dei berre har 2 % av gravleggingane som er i form av urner.

Alle som vert gravlagt i den kommunen ein er heimehøyrande i har etter gravferdslova rett på ei fri grav, enten det er ei kistegrav eller ei urnegrav. Enten ein vel kistegrav eller urnegrav, så må alle ha ei kiste. Ved kremering vert kista brent, ved ei kistegravlegging vert kista senka i jorda. Kremering vert i denne samanhengen ei tilleggsteneste som det naturleg nok er knytt ein kostnad til.

Drøfting:

Det er etter kyrkjeverja sitt syn liten samanheng mellom ei ordning som via festeavgiftene premierer dei som vel urnegraver, i form av halv festeavgift,

samstundes som dei som vel bisetjing og kremering må betala ekstra for å gjennomføra gravferda på denne måten. Gravferdsforvaltninga ønskjer at fleire vel urnegraver og at færre vel kistegraver. Då er det eit paradoks at kistegravlegging er fleire tusen kroner rimelegare enn ei bisetjing.

Kistegravlegging har lange og sterke tradisjonar i vårt område. Det kan virka som tradisjonane står sterkare til lengre ut i distrikta ein kjem. Til dømes er Askvoll med sine 2 % urnegravleggingar eit døme på ei befolkning som i liten grad ønskjer seg andre løysingar enn kistegravlegging. Det kan vera ei forklaring på kvifor ei ordning med refusjon av kremasjonsavgift ikkje har hatt nokon effekt i den kommunen. Kvifor ein kommune som Voss ikkje har hatt nemneverdig effekt av ei slik refusjonsordning er uklårt.

Når det gjeld Austrheim skjer allereie 15 – 17 % av alle gravleggingar i form av urner, sjølv om dei etterlatne må betala ekstra for kremering. Kyrkjeverja har registrert ein aukande tendens til at etterlatne i større grad vurderer urnegravlegging. Det bør såleis vera eit potensiale i Austrheim for å auka denne prosentdelen. 15 urnegraver ville til dømes kosta i overkant av 90.000 kroner i årlege refusjonskostnader. Gevinsten av dette er at presset på arealet vert langt mindre, både ved at ein kan gravleggja i nye urnegraver (som krev mindre areal) eller ved at ein set ned urner i eksisterande kistegraver. Det er ingen tidsavgrensingar på å setja ned urner i eksisterande kistegraver. I tidlegare soknerådssak om festeavgiftene, vart det for Austrheim gravplass sin del stipulert eit behov for at ferdigstilling av felt 2 (gjenbruk), bør vera klart om 11 år, då den nyaste delen av gravplassen vil vera full. Om ein via ei slik refusjonsordning kunne utsetja ei slik ferdigstilling med 5 – 10 år, så vil dette vera ein liten kostnad med kva ein kan spara/utsetja av investeringsutgifter på det feltet som må gjenbrukast.

Det er litt ulik praksis rundt om i fellesråda som har ei slik refusjonsordning, korvidt ein tek utgiftene for dette på eiga kappe eller ber kommunen om ein årleg refusjon tilsvarande det ein har betalt ut på ordninga. Kyrkjeverja rår til at soknet no prøver dette ut og ser om det vil føra til meir pågang på urengravleggingar. Om dette vert ein vesentleg meirkostnad bør dette drøftast med kommunen, med tanke på kommunal refusjon.

Kyrkjeverja er elles av den oppfatninga at dei som vel kremering med oskespreiing bør ta alle kostnadane sjølv, mest fordi dei ved eit aktivt val vel ei privat løysing og ikkje brukar gravplassane. Det er mogeleg å innvenda at dei i endå mindre grad legg band på areal, enn dei som ønskjer urnenedsetjing på ein gravplass. Men på den andre sida har dei velt ei privat løysing som ikkje involverer gravferdsforvaltninga i det heile. Gravferdsforvaltninga bør ha eit ansvar for dei som nyttar seg av det arealet kommunen stiller til rådvelde. Dei som vel ei alternativ løysing bør ta ansvaret for dette sjølve.

Sagt i møtet:

Kyrkjeverja opplyste at Vatne gravferdsbyrå i etterkant av at saka vart sendt ut, seier at kostnader til utsending av urne vert dekkja av det offentlege.

Dermed kan det sjå ut som at refusjonskostnaden etter dagens prisar kr 5.217 og ikkje kr 6.114.

Sjølv om målet for dette vedtaket er å få fleire til å velja urnegravferd og dermed letta trykket på arealbruken, så bør ein kommunisera ut at dette vert gjort for å likestillta urne og kistegravferd. Å drifta ei krematorium er svært kostnadskrevjande og belagt med mange restriksjonar. Difor er det berre Bergen som kan tilby denne tenesta i vårt område.

MØTEBOK - TITTELARK

SOKNERÅDSSAKER

Førehaving av:
Austrheim sokneråd

Møtestad:
Kyrkjelydshuset

Møtedato:
21.03.2019

Tilstades på møtet:

Medlemmer: Bjørn Helge Olsen, Britt Ystebø, Svein Tomas Villanger, Arne Lerøy, Helge Dyrkolbotn, Harald Sundsbø.

Varamedlemmer: Einar Austrheim

Andre: Kommunal representant : Anne Dahle Austrheim
Kyrkjeverje: Leif Arne Økland

Desse hadde meldt forfall: Anny Bertelsen, Kine Lerøy, Inger Synnevåg, Jusu Gyflan (har meldt flytting og går dermed ut av soknerådet), Anita Bakke

Desse møtte ikkje: Sylvelin Fønnes.

Saker til førehaving:

Soknerådssaker: S- 05/19– S 08/19

Til møtet var medlemmer skriftleg innkalla.

Underskrift:

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

S – 05/19 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Framlegg til vedtak:

Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader.

Vedtak:

Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader.

S – 06/19 GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ 31.01.2019:

Vedtak:

Møteboka frå 31.01.2019 vart godkjent utan merknader.

S – 07/19 ORIENTERINGSAKER:

- Status for arbeidet i nominasjonsgruppa: *Britt Ystebø refererte frå arbeidet i nominasjonsnemda. Dei er godt i gang og har til no om lag 18 – 19 personar som har sagt ja til å stå på lista. Det viser seg også at over halvparten av dei som no er med i soknerådet har takka ja til å vera med vidare. Nominasjonsnemda arbeider vidare og prøver å få nokon til til å stå på lista.*

S - 08/19 ÅRSMELDING 2018

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til drøfting utan framlegg til vedtak.

Drøfta i møtet:

Dette kom fram i drøftinga på soknerådsmøtet:

- *For å få ein auke i gudstenestedtakinga er eitt virkemiddel å engasjera fleire eksterne til å medvirka.*
- *På gudstenestene siste året har det vore for få konfirmantar som har bidratt i gudstenestene. Det bør i større grad planleggjast og leggjast til rette for at konfirmantane får slike oppgåver. Dette må planleggjast ved oppstarten av konfirmantåret. Kyrkjevertane må då få ein endra funksjon, slik at dei legg til rette for at ungdommane vert trygga i dei oppgåvene dei skal utføra. Trygge vaksne med andre ord. Kyrkjevertane må bevisstgjerast for at dei får denne funksjonen.*
- *Det hastar med å koma i gang med planlegginga av neste års konfirmantår. Behov for ein dugnadsgjeng. Rune og Amelie må koplast på planlegginga så snart som mogeleg. Amelie bør lønnast på timebasis for planleggingsoppgåver, før ho startar opp 1.august.*
- *Vi har behov for å få på plass kva for leiartreningsopplegg som skal brukast til hausten.*
- *Kveldsgudstenester i Austrheim har ikkje hatt det beste oppmøtet. Likevel er det for tidleg å konkludera ved at dette tidspunktet ikkje er eigna. Slikt bør prøvast ut over tid. Det same gjeld G 2*

gudstenestene på Fedje. Soknerådet ønskjer å bli kjent med kva erfaringar som vert gjort her – over tid.

- *Kunne det vera ein ide å prøva ut frukostgudsteneste? At det vert servert frukost ein søndagsmorgon – før gudstenesta?*

Bakgrunn:

I år vart det slik at årsmeldinga vart lagt fram på kyrkjelydens årsfest, før den vart behandla i soknerådet. Sidan det er lagt opp til 3 møter på vårsemesteret i 2019, vart det slik denne gongen.

Årsmeldinga ligg no ute på Austrheimkyrkja si heimeside.

Det er særskilt to moment med utgangspunkt i årsmeldinga, som bør drøftast i soknerådet

- Gudstenestedeltakinga
- Konfirmantarbeidet

Vi kjem ikkje forbi det faktum at det har vore ein nedgang på gudstenestedeltakarar frå 12 i 2018, frå 113 til 101. No har det vore variasjonar tidlegare også. Dei siste 10 – 12 åra har snittet variert mellom 96 og 116 personar. Slik sett har vi hatt lågare gjennomsnittstal enn kva tilfellet var i 2017. Det er også store skilnader på deltakarar ut frå kva type gudstenester vi snakkar om. På julafta og i konfirmasjonane er det fullt hus. Medan gudstenester utan dåp har langt færre deltakarar. Nedgangen frå 2017 til 2018 er likevel markert. Når vi veit at dette er ein trend elles i kyrkja også, så bør vi drøfta kva vi kan gjera for å motvirka denne tendensen.

Når det gjeld konfirmantarbeidet, så har dette hatt svært gode tradisjonar i Austrheim. Vi arbeider framleis med ein variant av «Kristuskransen» etter modell utarbeidd av Egon Askvik. Det har kome innspel undervegs om at vi til hausten bør blankpussa meir av denne metodikken. Med ny prest og med ny trusopplærar på plass, ligg forholda til rette for å tenkja igjennom og eventuelt justera innhaldet i konfirmantundervisninga. Det er ønskjeleg om soknerådet har konkrete innspel her.

Frå staben si side har vi også begynt å jobba med innhaldet i leiartreninga, som er eit svært viktig trusopplæringstiltak for ungdommane som vert med vidare.